


Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 401	Vik kyrkje og kyrkjegard
Koordinatar: N: 6800980 Ø: 46511			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 40/24	Tidsfesting: 1877	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik Sokn
Kort skildring: Stor langkyrkje (nygotisk) med kor og sidebygningar ved koret. Støpultårn. Våpenhus i fyrste høgda i tårnet. Kyrkja er treskipa. Veggane i skip, kor og sidebygningar er bygde i lafteplank. Ytterveggane er i glattkanta, liggjande bordkledning. Arkitekt: Haakon Thorsen. 450 sitjeplassar. Kyrkjegarden er på ca. 8 daa. Kyrkjegarden og er avgrensa mot nord, sør og vest av ein kraftig steinmur av høg kvalitet. <i>Kjelde: norgeskirker.no og Fylkesleksikon</i>		
Opphavleg funksjon: Kyrkje og kyrkjegard		Funksjon no: Kyrkje og kyrkjegard. Soknekyrkje for Vik sokn og hovudkyrkje i Vik prestegjeld.
Tilstand: Bygningen er sårbar for skadar i yttertak, på grunn av utett sutak. Elles bra teknisk stand. Ingen vesentlege skadar. Noko vedlikehaldsbehov på malte ytterflater. Malingsarbeid er oppstarta.		
Anna: Vik kyrkjeleg fellesråd forvaltar kyrkja og kyrkjegarden. Sjølv om kyrkja ikkje er «listeført» må fellesrådet hente inn godkjenning hjå bispedømet før endringar ved og i kyrkja.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Kyrkje, kyrkjegard
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorisk, bygningshistorisk, samt kyrkje- og religionshistorisk verdi. Bygging av kyrkja står i samanheng med ny kyrkjelov i 1851. Typisk kyrkje oppført etter den tid.
Opplevingsverdiar	Stor opplevingsverdi: Monumental utforming og plassering. Portalbygg for tilkomst til Vik sentrum frå sør. Sterk identitetsverdi gjennom t.d dåp, konfirmasjon, bryllaup, gravferd.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi: Funksjonelt bygg og anlegg for kyrkjelege og kulturelle arrangement. Viktig konsertlokale for hovudsoknet og kommunen.
Kommentar: Einaste større langkyrkje i nygotisk stil i kommunen.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminnet ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 402	Tenåltunet
Koordinatar: N: 6800310 Ø: 47314		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 4/24, 4/44, 4/74, 4/23, 4/82, 4/97, 4/13, 4/96, 4/15	Tidsfesting: Busetjingsspor frå vikingtid, bygningar frå 1800/1900-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Gamalt klyngetun med m.a. våningshus, eldhus, bur. Freda kyrkjestad frå middelalderen, stavkyrkja på Tenål, på gbnr. 4/13 (Askeladden-ID: 85616-1). 11 bygningar er i SEFRAK-registeret. 5 bygningar av dei som framleis står er registrert med byggjeår før 1850. Rett vest for tunet er det ein lokalitet med dyrkingsspor frå vikingtida (Askeladden-ID: 223641-1).		
Opphavleg funksjon: Bustad, gardsdrift og kyrkjestad.		Funksjon no: Bustad og gardsdrift.
Tilstand: Normalt vedlikehald. Tunstruktur tilnærma intakt. Noko ombygging.		
Anna: Det går kommunal veg gjennom tunet, med relativ stor trafikk. Infotavle om Tenål kyrkjestad. Tunet blei truleg på eit tidspunkt flytta pga. flaumfare. SEFRAK-nummera: 14170105031, 14170105030, 14170105017, 14170105018, 14170105026, 14170105021, 14170105023. Bygningar som er borte: 14170105027, 14170105019, 14170105029		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Klyngetun
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi: landbruks- og busetjingshistorie, arkitektur- og handverkshistorie. Tun med stor historisk djupne, med freda kyrkjestad frå mellomalder. Stor busettingshistorisk og bygningshistorisk verdi som tilnærma intakt eldre, tett tunstruktur. Nokre restaurerte eldre uthus.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi. Tunet kan opplevast via gjennomgåande trafikk på kommunal veg. Symbolverdi. Identitetsverdi for familiane knytt til tunet.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi: Ressursverdi, næringsverdi, bustader og uthus i aktiv bruk. Framleis gardsdrift rundt tunet. Utviklings- og formidlingsverdi (reiselivet), pedagogisk verdi (undervising) av tunet i samband med kyrkjestaden.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminnet ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 403	Åsetunet i Vik
Koordinatar: N: 6797076 Ø: 48072		Foto:	
		Tunet i 2001, sett frå nordaust 	

Fakta om kulturminnet		
Gbnr: 15/1,2,3,5,6	Tidsfesting: Garden er fyrst nemnd i gamle brev i 1570	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Klyngetun med fleire eldre bygningar som høyrer til 3 ulike bruk, m.a. 2 lafta stabbur frå slutten av 1800-talet (Eit er eit tidlagre stovehus flytta frå garden Voll, også brukt som sauehus. Det andre har også flyttemerke.), lafta våningshus/stovehus frå 1800-talet (byggjerre: Jon G. Aase), lafta våningshus, 2 lafta stabbur og lafta eldhus (alle truleg frå før 1850), lafta våningshus frå tidleg 1900-talet (ombygd i 1920). Det har vore fleire bygningar som no er borte. Det ligg også eit lite bruk i litt avstand frå tunet med lafta våningshus og løe (begge truleg frå før 1850).		
Opphavleg funksjon: Bustad, gardsdrift		Funksjon no: Bustad og gardsdrift i delar av tunet.
Tilstand: Normalt vedlikehald. Tunstruktur tilnærma intakt. Noko ombygging og flytting av bygningar.		
Anna: SEFRAK-nummera: gbnr. 15/5: Stabbur 141701006096, stovehus 14170106094. Gbnr. 15/2: stabbur 14170106103, eldhus 14170106105. Gbnr. 15/1: Våningshus 14170106100, Stovehus 14170106106, stabbur 14170106101. Gbnr. 15/3: stabbur 14170106098.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Klyngetun
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi: landbruks- og busetjingshistorie, arkitektur- og handverkshistorie. Stor busettingshistorisk og bygningshistorisk verdi som eldre tun med tydeleg klyngepreg.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi. Nokre bygningar på Åse er synlege frå store delar av Vik sentrum. Symbolverdi. Identitetsverdi for familiane knytt til tunet.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi, bustader og uthus i aktiv bruk. Framleis gardsdrift rundt tunet.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 404	Vikjahalli
Koordinatar: N: 6801439 Ø: 46646		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 1/76	Tidsfesting: 1910	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik Ungdomslag
Kort skildring: Ungdomshus. Eigar Vik Ungdomslag. Forsamlingslokale og viktig kulturhus for hovudsoknet bygd 1910. Arkitekt: Erlend Tryti. Murarbeid: Tollak Tryti. Beslagarbeid på ytterdøra av smed Elling H. Stadheim Kino frå 1946 til ca. 2000. Huset er utbedra og utbygd i fleire steg. Innreidd kjellarsal og WC anlegg på 1970 -talet. Tilbygg mot nord 1992. Nytt scenehus mot sør 2002. Storsalen på ca 200 (11x 18) m ² er lite endra frå 1910. Midtdel med storsal og inngangsparti bevart i hovudsak som bygd i 1910.		
Opphavleg funksjon: Ungdomshus		Funksjon no: Ungdomshus, konsertsal, arrangementlokale
Tilstand: Tilstanden er stort sett bra. Sanitæranlegget i kjellaren må rehabiliterast. Taket og takrennene treng vedlikehald (kjelde: Vik ungdomslag). Midtpartiet frå 1910 er i hovudsak ikkje isolert.		
Anna: Ikkje i SEFRAK-registeret		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Forsamlingshus
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, arkitektur- og handverkshistorie. Stor historisk verdi som viktigaste kulturhus for Vik gjennom 1900-talet. Fleire byggesteg synleggjer endringar i behov , byggemåte og bruk. Eldste del viser handverk og byggemåte i større bygg tidleg på 1900-talet.
Opplevingsverdiar	Stor opplevingsverdi: Sentralt landemerke, innfallsport til Vik sentrum. Arkitektonisk og estetisk verdi. Viktig møtestad for generasjonar av Vikje. Vikjahalli er eit symbol for Vik i kultursamanheng.
Bruksverdiar	Ressursverdi: Stor brukssverdi som sentralt plassert kulturhus og forsamlingslokale. Utviklingsverdi: Potensiale for større/utvida bruk.
Kommentar: Rehabilitering og opprusting er utført med vesentlege tilskot av spelemidlar og kommunal støtte i tillegg til dugnad og egne midlar. Representativt for større ungdomshus/samfunnshus tidleg på 1900-talet. Einaste i hovudsoknet.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 405	Doktorgarden i Vik
Koordinatar: N: 6801407 Ø: 46913		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 1/14	Tidsfesting: 1874	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik kommune
Kort skildring: Stor bygning med trekk frå sveitserstil. Bygd som doktorbustad med doktorkontor og 3 daa tomt med uthus, stabbur og garasje i tillegg til hovudhuset. Sekundærbygningane er borte. Doktorkontor fram til 1960. Bustad for doktor fram til 1968. Utleigebustad 1968-77. Barnehage frå 1977.		
Opphavleg funksjon: Bustad og gardsdrift, doktorgard		Funksjon no: Barnehage
Tilstand: God teknisk tilstand. Vesentleg ombygd/rehabiliterert interiør. Små endringar i eksteriør.		
Anna: Ikkje i SEFRAK-registeret		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Bygg for offentleg teneste
Kunnskapsverdiar	Stor arkitekturhistorisk og lokalhistorisk verdi. Syner samfunnsbygging i Vik. Første doktorkontor og første barnehage.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi og symbolverdi. Pedagogisk verdi: Historisk bygg gjev ekstrakvalitet til barnehagen. Stor Identitetsverdi: Dei som har gått i barnehagen der eller hatt barn som var der har ei sterk tilknyting til bygningen.
Bruksverdiar	Stor brukssverdi som barnehage.
Kommentar: Rehabilitering og opprusting/restaurering er utført av Vik Kommune på ein måte som ivaretek huset sitt historiske preg. Representativt for større villaer/embetsmannshus frå seint på 1800-talet. Einaste i sitt slag hovudsoknet.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 406	Skulehuset i Seljadalen
Koordinatar: N: 6797275 Ø: 48765		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 9/6	Tidsfesting: 1869	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik kommune
Kort skildring: Huset er lafta og 8,40 x 8,70 meter. Skulestove, kammers (lærarbustad), gang (tilbygg frå midt på 1900-talet) og loft. Grunnmur av naturstein med bindemiddel (pusa). (kjelde: SEFRAK-registrering). Lite brukt i dag. Vanskeleg tilkomst gjennom privat tun.		
Opphavleg funksjon: Skule (fram til 1975), grendahus		Funksjon no: Grendahus
Tilstand: Ikkje store synlege skader, men trong for vedlikehald		
Anna: Skulehuset er omtalt i «Skulesoge for Vik» frå 2005. SEFRAK-nr. 14170106032		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Skulehus
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorisk verdi: Lafta bygg. Lokalhistorisk/skulehistorisk verdi: autentisk, døme på 1.generasjonsskulehus etter omgangsskulen vdr rom og inventar
Opplevingsverdiar	Autentisk preg, gamal og godt bevart skulestove, symbolverdi. Identitetsverdi lokalt. Godt synleg plassering over fylkesvegen til Seljadalen.
Bruksverdiar	Ressursverdi: Står framleis til disposisjon som grendahus. Kan brukast som lokale for mindre, kulturelle arrangement. Utviklings- og formidlingsverdi: visst potensiale for vising/som skulemuseum.
Kommentar: Representativt for 1. generasjons skulestover seint på 1800-talet. Siste i sitt slag i offentleg eige i hovudsoknet.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	■ Kulturminne □ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 407	Villa Neipe
Koordinatar: N: 6799403 Ø: 47697		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 5/17	Tidsfesting: 1928	Eigar: ■ privat eige □ anna eigar:
Kort skildring: Villa i jugendstil. Arkitekt: Erlend Tryti. Utførande snikkar: Anders O. Tenold. Villaen har dimensjonar, utforming og detaljering som gjev han eit herskaleg preg og vitnar om ein byggherre som henta inspirasjon utanfrå, m.a. gjennom kontakt med grossistar og handelsmenn i Bergen. I samtida vart bygningen kalla «Bøndernes hus». Ein interessant detalj er ei loftsdør med taljebom i eine gavlen.		
Opphavleg funksjon: Bustad		Funksjon no: Bustad/fritidsbustad
Tilstand: Villaen er tilnærma uendra, og har høg grad av autentsitet. Det er behov for å leggje om skifertaket.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Jugendstil
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, stilhistorie: Høg verdi pga. uendra eksteriør og lite endra interiør etter 1928. Eit av Erlend Tryti sine best bevarte arbeid i Vik.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Eit landemerke på Stadheimsterrassen med plassering nær reinekanten og kommunal veg.
Bruksverdiar	Ressursverdi: Huset er i bruk som fritidsbustad og kan med ein del tiltak tena som bustadhus
Kommentar: Huset er ein god representant for villaer i Jugendstil frå tidleg 1900-tal i Vik. Eigar har søkt, og fått tildelt midlar frå Kulturminnefondet.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 408	Borgstova
Koordinatar: N: 6801748 Ø: 46609			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 41/47	Tidsfesting: 1864	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Stifting Borgstova
Kort skildring: I dag er Borgstova og ei kornturke dei einaste bygningane som er att etter Sjøtungarden. Borgstova er om lag 5,50 x 24 m (2 stuer, kjøken, eldhus), men eit anneks på ca. 35 m ² (gang og systova). Natursteinmur, lafteverk, saltak. I dag torvtak.		
Opphavleg funksjon: bustad for tenestefolk på Sjøtungarden Bustad fram til 1970-talet.		Funksjon no: Kulturelle arrangement og privatarrangement
Tilstand: Restaurert		
Anna: SEFRAK-nr. 14170103074		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Borgstover
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, bygningshistorie, handverkshistorie, landbrukshistorie. Stor verdi som kjelde til kunnskap om lokal- landbruks- og bygningshistorie, som ei av få bevarte borgstover (tenarbustad). Einaste bevarte bygning av offisersgarden Sjøtungarden (også kalla «Ovestegarden» eller «Aall-garden») saman med kornturka ved Ara bru.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, handverksmessig verdi, identitetsverdi. Bygningen er restaurert, og syner tilnærma utsjånad på 1800-talet, med nokre tilpassingar i interiør og eksteriør. Borgstova er kjent av mange og ligg sentralt i Vik sentrum, lett å komme til frå Rv13.
Bruksverdiar	Næringsverdi (utleige), formidlingsverdi (omvising), pedagogisk verdi (undervising). Bygningen har vore og er i bruk som eit viktig forsamlings- og møtelokale, og har museal verdi. Borgstova er del av kulturløypa på Vikøyri.
Kommentar: Restaurering, drift og vedlikehald er utført med både offentlege og privat økonomisk støtte, i tillegg til dugnadsinnsats frå bygdefolket.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 409	Kornturka ved Ara Bru
Koordinatar: N: 6801748 Ø: 46609		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 40/18	Tidsfesting: Ukjent byggjeår, men viser på Refsdal sitt kart frå 1915	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Ei kornturke som høyrde til Sjøtungarden (Aall-garden). Den har i dag torvtak.		
Opphavleg funksjon: kornturke		Funksjon no: ingen
Tilstand: Ingen større synlege ytre skader. Noko fuktskader på kledning og vindskier.		
Anna: SEFRAK-nr. 14170103075		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Kornturke
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, bygningshistorie, handverkshistorie, landbrukshistorie
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, handverksmessig verdi. Godt synleg ved Ara bru i sentrum.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi museal verdi (omvising), pedagogisk verdi (undervising), ligg sentralt i Vik sentrum
Kommentar: Ein av få kornturker som er igjen i kommunen, og ein av to bygningar som er igjen etter sjøtungarden.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 410	Tunet i Grov (skulen)
Koordinatar: N: 6801376 Ø: 46468		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 40/14	Tidsfesting: Byrjinga av 1900-talet, smia blei flytta ditt i 2011 frå Vetletriangelen	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Bustadtun med fleire eldre, godt bevarte bygningar. Tidlegare husmannsplass og del av prestegarden. Smia: Trehus på halvanna etasje med smie, bustad og saudefjøs. Gamlestova: Tømmerhus med loft. Løe/fjøs: Løe med liten fjøsdal til ku, høyloft, grisekjø og utedo. Treverkstad med materiallager.		
Opphavleg funksjon: Gardstun med skule og snikkarverkstad		Funksjon no: Bustad med gammalt tun
Tilstand: Ikkje synlege ytre skader		
Anna: Bygningane er ikkje i SEFRAC-registeret. Smia er einaste kjent bygg med tredeling smie, bustad, fjøs. Flytting/restaurering vart gjort med midlar i hovudsak frå Riksantikvaren.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne og kulturmiljø	Underkategori: Gardstun
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, handverkshistorie. Vik har smedtradisjonar som strekkjer seg attende til forhistorisk tid. jf. funn av ei «smedgrav» frå 900-talet på Grov. Smia er spesiell med smie/verkstad, bustad og saudefjøs i same hus. Det gamle tunet fortel ei spesiell samfunnshistorie og om ei stor handverkstradisjon. To brør som var smed og snikkar og som dreiv eigne verkstad før industrialiseringa tok til for alvor. Generasjonen før dei dreiv med skomakarhandverk.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, handverksmessig verdi. Bygningane er godt bevarte med relativt høg grad av autentisitet. Symbolverdi, identitetsverdi: Flytting av Smia blei omtalt i media, og mange blei merksam på smia då.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, museal verdi, pedagogisk verdi
Tunet er representativt for ein levemåte med småskala næring/handverk i kombinasjon med landbruk.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting		☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 411	Løa på Vange
Koordinatar: N: 6800951 Ø: 46947		Foto:		
				
Fakta om kulturminnet				
Gbnr.: 2/12		Tidsfesting: 1910, men ein del av bygningen er truleg eldre		Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Grindbygg med tilbygg på kvar side. Skifertak. Natursteinmur under delar av bygningen. Elles teglstein, noko betong.				
Opphavleg funksjon: Løe og fjøs		Funksjon no: Reiskapshus, lager		
Tilstand: Den sørlege delen av taket blei sett i stand på 1990-talet. Resten av taket blei rehabilitert i 2017, då det blei også skifta kledningsbord og vindauge.				
Anna: Ikkje i SEFRAK-registeret.				

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Driftsbygningar
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, bygningshistorie, landbrukshistorie: Ein av få større løebygningar av eldre type som er bevart i/nær Vik sentrum. Grindkonstruksjon.
Opplevingsverdiar	Synleggjer bygningshistorie og har estetisk verdi som del av eit tett tun.
Bruksverdiar	Næringsverdi : Som driftsbygning/reiskapshus på garden.
Kommentar: God representant for løebygningar i perioden etter stor-jordskiftet. Nyleg restaurert/rehabilitert , med noko offentleg støtte (SMIL-midlar). Del av eit mindre tun frå tida rundt århundreskiftet, med eit godt bevart våningshus i sveitserstil.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 412	Kvernhuset i Øyna
Koordinatar: N: 6800116 Ø: 45404		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 37/10	Tidsfesting: truleg frå 1800-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Kvernhus i tømmer. Restaurert i 1994, delar av originalstokkane var i osp, restaurert med furu frå Vangsnes. Mesteparten av originalstokkane blei brukt om igjen. Huset har ikkje vassrenne inn no. Kvernsteinane ligg i området rundt huset. Torvtaket blei restaurert i 1994. Nytt golv. Siste kvernhuset i hovudsoknet langs Hopra. Høyrdde til ein gard på Tryti før jordskifte.		
Opphavleg funksjon: Kvernhus		Funksjon no: ingen
Tilstand: Treverk i bra stand. Torvtaket treng vedlikehald og skjøtsel.		
Anna: Ikkje i SEFRAK-registeret		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Kvernhus
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, teknologihistorie, arkitekturhistorie. Eitt av få attverande kvernhus i kommunen. Siste av eit ti-tals i Hønsidalen. Synleggjer bygnings- og landbrukshistorie på ein god måte.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi. Autentisk preg.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, pedagogisk verdi. Eigna for visning og museale/pedagogiske formål. Turlaget plar å stoppe ved kvernhuset på den tradisjonelle «Nedtur langs Hopra». Bruksverdien kan gjerast større ved å få på plass kvernsteinane og byggja vassrenne som no manglar.
Kommentar: Restaurert av Jens Brekke i 1994.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 413	Reievegen Tenål-Varpet
Koordinatar: N: 6800385 Ø: 48042			Foto:

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: Gardsnr. 3,4 og 6	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Omfattar den gamle reievegen/kløvjevegen frå Tenål til Varpet, med kulturlandskap og utløer langs vegen. Nokre deler av vegen er oppmurte. Beitelandskap i nedre del med intakte steingardar. Mykje brukt tursti.		
Opphavleg funksjon: Gamal kløvjeveg		Funksjon no: Kulturlandskap med tursti
Tilstand: Deler av stien/landskapet i øvre del er prega av attgroing. Stor trafikk av turgåarar heldt stien open og i bra stand. Nokre av utløene langs vegen er i ferd med å ramla ned. Kulturlandskap i nedre del er aktivt beita og i bra stand.		
Anna: Nokre utløer er omtalte i boka «Utløer i Vik, Vangsnes og Arnafjorden», Vik lokalhistorisk arkiv 2013. Stien frå Tenål til Varpet er skilta etter nasjonal standard.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Vegar/stølsvegar
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, utmarkshistorie, teknologi- og handverkshistorie (vegbygging og utløer). Stor verdi som samansett kulturmiljø med viktige element frå det utmarksbaserte gamle landbruket: intakt stølsveg/reieveg, steinmurar, utløer, slåtteteigar, beitemark og skog.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Variert trase gjennom ope beitelandskap, lauvskog og barskog. Utsikt over bygdi. Synleggjer viktig landbruks- og bygningshistorie på ein god måte. Delar av landskapet er prega av attgroing, og nokre av utløene er i fare pga. skade/forfall.
Bruksverdiar	Viktig landbruksveg. Tilkomst til utmarksteigar for eigarar. Stor bruksverdi som turveg for ålmenta. Del av tursløyfa Vetløyri-Sutastigen-Skorge-Varpet-Tenål.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 414	Gamlevegen Fosse-Åse
Koordinatar: N: 6797469 Ø: 48325			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: Gnr: 7 og 15	Tidsfesting: uvisst	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Del av gamlevegen frå Fosse til Aase. Bygd som kjerrevege. Steingardar. Øvre del har og ein eldre trase. Nokre deler av vegen er oppmurt. Noko brukt som turveg.		
Opphavleg funksjon: Tilkomsveg til garden Aase frå Fosse		Funksjon no: Driftsveg i landbruk og turveg
Tilstand: Godt farbar og intakt veg, men delvis atgrodd.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Vegar
Kunnskapsverdiar	Synleggjer eldre samferdsels- og veghistorie. Teknologi- og handverkshistorie i vegbygging.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Variert trase gjennom eldre kulturlandskap. Utsikt over dalen og ned mot Flatbygdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi (turveg og landbruksveg). Brukt av ålmenta til tur/trening, og som tilkomst og driftsveg til eigar sine teigar. Pedagogisk og museal verdi.
Kommentar: Representativ for eldre generasjon gards- og grendevogar. Ein av få attverande i hovudsoknet.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 415	Trytisbrui
Koordinatar: N: 6799868 Ø: 45266		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 0/1	Tidsfesting: 1912/13 og 1974	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Statens vegvesen
Kort skildring: Trytisbrui blei opphavleg bygd som trebru i 1785. Ny bru kom i samband med bygging av Bøadalsvegen 1912-1913. Det er ei kvelvingsbru bygd av gråstein. Då Bøadalsvegen vart utvida og ombygd på 1970-talet, fekk brui nytt betongdekke med stigning slik som vegen. (kjelde: Pridlao nr.1/2013)		
Opphavleg funksjon: Bru over Hopra		Funksjon no: Bru
Tilstand: Intakt, godt bevart opphavleg brukonstruksjon av stein frå 1912/13		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Bruer
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie. Teknologi- og handverkshistorie over eit lengre tidsrom. Stor veg- og handverkshistorisk verdi. Godt bevart, autentisk brukvelv i stein.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Murkonstruksjon frå 1912 er av høg teknisk og estetisk kvalitet. Lokal symbolverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi (intakt del av eksisterande bru i RV13). Formidlingsverdi (visning og undervisning i/om eldre og nyare brukonstruksjonar). Lett tilgjenge frå RV13.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 416	Fosse bru
Koordinatar: N: 6797751 Ø: 48039		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: gardsnr. 7	Tidsfesting: før 1848	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Steinkvelvingsbru over Vikja ved Fosse. Del av gamlevegen frå Fosse til Aase. Byggjeår ukjent. Sannsynleg tidleg 1800-talet? I 1848 kom brua inn under offentleg vegvesen (kjelde: Pridlao nr. 1/2013).		
Opphavleg funksjon: Bru var del av gamlevegen frå Fosse til Aase.		Funksjon no: Bru
Tilstand: Intakt, godt bevart brukonstruksjon av stein		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Bruer
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, teknologihistorie. Stor veg- og handverkshistorisk verdi. Syner vanleg brukonstruksjon av stein for små spenn fram til moderne tid.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Godt bevart og autentisk brukonstruksjon i stein. Lokal symbolverdi: Del av gamlevegen til Åse. Vegetasjonsrydding vil kunne
Bruksverdiar	Formidlingsverdi (visning og undervisning i/om eldre brukonstruksjon). Lett synleg og tilgjengeleg frå offentleg veg til Ovriddalen.
Kommentar: God representant for eldre brukonstruksjonar, og ei av få som er bevarte i opphavleg form i hovudsoknet.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 417	Bautaen på Rulsen
Koordinatar: N: 6801593 Ø: 46720		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 1/60	Tidsfesting: 1946	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik kommune
Kort skildring: Minnestein over tre ungdommar som fall 2. verdskrigen: Oskar Dale, Helge Skjerven og Fasting Aal. Minnesteinen blei avduka 17. mai 1946.		
Opphavleg funksjon: Minnestein		Funksjon no: Minnestein
Tilstand: Litt mørkt på øvre delen, treng noko reingjering på sikt.		
Anna: Bautaen var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015»		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Stor krigshistorisk verdi
Opplevingsverdiar	Symbolverdi: Minnemarkering ved bautaen er fast innslag i 17. mai programmet. Identitetsverdi med omsyn til personane som er nemnd å steinen. Estetisk verdi: Sentralt plassert i Vik sentrum som viktig del av ein offentleg plass med høg kvalitet.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, sereminiplass.
Kommentar: Viktigaste krigsminne i hovudsoknet	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 418	Stabbur på Sæbø
Koordinatar: N: 6801382 Ø: 46819		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 1/24	Tidsfesting: slutten av 1800-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Lafta stabbur i sveitserstil og i 2 etasjar, med sengeplassar i 2. Etasjen. Byggmeister var John I. Hove (Guhaugen). Det er 2 inngangsdører på den eine langsida, utskjeringar på mønebandet og på vindskiene. Stabburet har profilerte hjørnebord og drakehovud på taket (kjelde: Pridlao 3/1997)		
Opphavleg funksjon: Stabbur		Funksjon no: ?
Tilstand: I god stand. Ikkje synlege ytre skader.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Stabbur
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, handverkshistorie, arkitekturhistorie. Eit arbeid av John I. Hove.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, arkitektonisk verdi. Stabburet ligg i eit gardstun som driv verksemd knytt til arrangement (Sæbøfjosen) og som såleis er ofte besøkt. Kort avstand frå kommunal veg.
Bruksverdiar	Ressursverdi som bygning på garden. Formidlingsverdi.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 419	Forretningsgata i Vik
Koordinatar: N: 6801835 Ø: 46757		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 41/6, 1/73, 40/10, 40/12, 1/68	Tidsfesting: Husa blei bygde mellom 1923 og 1928, etter brannen i 1922	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: 5 forretningsbygg i sentrumsgata i Vik som blei bygde etter dei gamle forretningsbygg brann ned i 1922. Alle har forretningslokale i 1. etasje og bustad i 2. etasje. Preg av Jugendstil. <u>Johnsen-huset</u> blei bygd i tømmer ca. 1925 av Anders A. Seim. Huset har valmtak (telttak) i skifer. <u>Johannes-Hove-bygget</u> er eit tømmerhus frå ca. 1928 og har valmtak med svai, takteking: pannestein. <u>Breilid-bygget</u> er bygd i reisverk (?) 1923/1924 og har valmtak med svai i pannestein. Byggmeister: Olav Følid og Erlend Tryti. Til huset høyrer det eit lagerbygg i reisverk, 1,5 etasjar og med saltak, som opphavleg blei sett opp i 1922/1923 som midlertidig butikk av Johan Støfringsdal. <u>Gamle Samyrkelaget</u> er eit tømmerhus med valmtak (svai) i skifer, som blei bygd 1923/1924 (byggmeister: Erlend Tryti) fekk eit tilbygg mot sør i 1976, som seinare blei bygd om. Det har også vore i bruk som kommunehus. <u>O.P.Fosse-butikken</u> er eit tømmerhus frå 1923 med saltak i skifer. Byggmeister: Andersen.		
Opphavleg funksjon: Forretningsbygg og bustad		Funksjon no: Delvis forretningsbygg og bustad
Tilstand: Varierer noko frå hus til hus, men stort sett ok. Noko byrjande forfall ved enkelte hus. Noko ombygging.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Tettstader og kulturmiljø	Underkategori: -
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, stilhistorie, arkitekturhistorie, næringshistorie. Bygga er typiske for si tid og representerer den nye type forretningsbygg etter dei gamle forretningane forsvann i brannen.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, symbolverdi, identitetsverdi. Husa er delvis knytt sterk til personane/familiane som dreiv butikk der. Namna til bygningane eller til personane som dreiv butikk er kjent av mange i bygda. Butikksgata bidreg til eit levande sentrum mellom dagens kjøpesentra lengre oppe og kaia/strandpromenaden.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi. 3 av dei 5 hus har aktiv forretningsdrift med frisørsalong, kafé og blomsterbutikk. I 4 hus bur det folk i 2. etasjen. Potensiale for utvikling, t.d. med butikkdrift i lokala som står tomme eller er i uregelmessig drift.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 420	Vetleøyri
Koordinatar: N: 6801871 Ø: 47195			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 1/217, 1/33, 1/83, 1/85, 1/82, 1/134, 1/79, 1/78, 1/81, 1/261, 1/91, 1/55, 1/19, 5/25, 1/269	Tidsfesting: Dei eldste bygningen er frå slutten av 1700-talet. Dei fleste andre bygningane (våningshus og naust) er frå 1800-talet. Trevarefabrikken blei bygd i 1912.	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Ei klyngje av våningshus, naust, fjøs og ei trevarefabrikk. Nesten alle er registrerte i SEFRAK-registeret. Vetleøyri ligg på austsida av elva Vikja. Frå gammalt av allmenning for gardsbruka aust for Vikja og Seljadalselvi. Mange bruk hadde naust der. Klynge på Vetleøyri er resten av eit større bygningsmiljø i området. Vetleøyri er eit punkt på kulturløypa på Vikøyri.		
Opphavleg funksjon: Bustadhus, naust, fjøs, trevarefabrikk	Funksjon no: Bustadhus, naust, ev. anna. Trevarefabrikken er bygd om til hus for bustad og feriebustad.	
Tilstand: Stort sett bra. Nokre bygningar er rivne. Noko på- og ombygging på 1900-talet.		
Anna: SEFRAK-nummera: lafta naust 14170102019, naust i reisverk 14170102014, 14170102015, 14170102006, lafta bustadhus 14170102017, 14170102016, 14170102013, 14170102009, 14170102010, 14170102005, 14170102012, 14170102004, 14170102002, lafta fjøs 14170102003.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Tettstadar og kulturmiljø	Underkategori: -
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, handverks historie, arkitekturhistorie, landbrukshistorie, industrihistorie, fiskerihistorie, busettingshistorie. Lafta bygningar, historia til Vetleøyri som allmenning. Fiske var viktig på Vetleøyri. Spesielt kjent var Fiske-Kristen og Lilleørens Notlag.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi. Mange hus er i dag framleis brukt som bustadhus. Gamle Trevaren er ei verksemd som driv innan reiseliv, og er også sentralt i organisasjon av laksefiske i Vikja. Vetleøyri er godt kjent i heile bygda. Mange familiar er knytt til området.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 421	Funkishuset telthusvegen
Koordinatar: N: 6801650 Ø: 46709			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 41/40	Tidsfesting: 1938	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar
Kort skildring: Funkishus rett att med RV13, som representerer funksjonalismen som på 1930-talet var eit tydeleg brot med den råande arkitektoniske stilen.		
Opphavleg funksjon: Bustadhus		Funksjon no: Bustadhus
Tilstand: Ganske godt bevart og lite endra utvendig, sett bort frå 2 tilbygg. Typisk er den enkle geometriske formen, pyramidetaket og hjørnevindauga som skulle sende lyset inn frå to kantar.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Funkishus
Kunnskapsverdiar	Stilhistorie, arkitekturhistorie. Representerer Funkis-stilen frå 1930-talet (ekte funkis).
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi som bustadhus. Formidlingsverdi i samband med arkitekturfaget.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 422	Kaimiljøet på Nese
Koordinatar: N: 6795997 Ø: 35418			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 64/29, 64/9, 64/65, 64/20, 64/3, 64/10, 64/40, 64/5, 64/53, 64/28, 64/55	Tidsfesting: Fyrste halvdel av 1900-talet, eitt våningshus og 3 naust truleg frå før 1850.	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Området rundt Klubben på Nese. Nese kai (før: dampskipkaia, den fyrste i Arnafjord sokn), sagbryggja (1944) med sag, sjøbod 1937, ekspedisjon, smie, ungdomshuset frå 1921, fleire våningshus (eitt i SEFRAK-registret), driftsbygning, Nese landhandel (kafé) 1914, bakeri ca. 1915-1941, naust (4 av dei SEFRAK-registrerte). Kaien er og base for den restaurerte veteranbåten <i>Arnefjord</i> .		
Opphavleg funksjon: Bygdesentrum, dampskipkai, handelsstad, naustområde, bustadar, gardsbruk, ungdomshus, sag, smie	Funksjon no: Fritidsbruk, utleigehus, ungdomshus, augeklinikk, sesongkafé, kaia er stjernestopp for rutebåten	
Tilstand: Dei fleste attverande bygningar er godt vedlikehaldne eller restaurerte. Noko vedlikehald trengst. Kaiene er i god stand og er no forsynte med straum.		
Anna: SEFRAK-nummera: våningshuset: 14170110017, nausta: 14170110018, 14170110019, 14170110020, 14170110021. I «blomstringstida» for området var det enda fleire bygningar og funksjonar enn i dag.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Tettstadar og kulturmiljø	Underkategori: -
Kunnskapsverdiar	Godt bevart og delvis restaurert sjøvendt sentrumsmiljø med stor historisk og historie -forteljande verdi innafor bygnings- og arkitekturhistorie, nærings-, teknologi og samferdselshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi, stor identitetsverdi lokalt.
Bruksverdiar	Ressursverdi (bustad naust/sjøbruk), næringsverdi (kafé, augelegepraksis, feriehus til utleige), museal verdi, formidlingsverdi, utviklingsverdi. Viktig turmål.
Kommentar: Restaurering/vøling/vedlikehald er gjort med stor privat innsats av fleire eigarar, m.a. Morten Neset.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 423	Hellane
Koordinatar: N: 6791886 Ø: 36904		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 58/1, 58/2, 58/4, 58/7	Tidsfesting: truleg busett før Svartedauden	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Kulturmiljø med fleire småbruk/eigedomar under same gard, lite påverka av moderne driftsmåtar, og med eldre bygningsmasse, tilnærma intakt, m.a. fleire våningshus, løer/fjøs, kvernhus, stabbur og kornturke. Det skal tidlegare også ha vore eit sagbruk på Hellane. Det var truleg 2 bruk på Hellane i tida før Svartedauden (ca. 1350), men garden låg øyde i 250 år etter. I 1635 var det to bruk i drift, og frå 1920 tre bruk. Ein fjerde eigedom vart delt frå 58/1 i 1997. Ingen fast busetting etter 1995. Stølsveg/ferdselsveg frå Dale til Valsvikstølen og Bjergane passerer tuna på Hellane.		
Opphavleg funksjon: Bustad og gardsdrift		Funksjon no: Fritidsbruk og beiteareal
Tilstand: Kulturlandskapet er halde i hevd, noko prega av attgroing. Positiv utvikling på Øvrebø. Bygningane har enkel standard, men blir haldne ved like. Nokre bygningar er restaurerte/under restaurering.		
Anna: Bygningane er ikkje registrerte i SEFRAK-registeret. Sannsynleg byggjeår for våningshusa er 1800- og tidleg 1900-talet.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Tettstader og kulturmiljø	Underkategori: -
Kunnskapsverdiar	Teknologi- og handverkshistorie, landbrukshistorie, arkitekturhistorie. Stor historisk og historieforteljande verdi som eit større samanhengande kulturmiljø med småskala landbruksdrift lite påverka/prega av moderne driftsmåtar og teknologi.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, autentisk miljø med spor etter bruk og naturpåkjenning/alder, symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi som fritidsbustadar og lett tilgjengeleg utfartsområde for formidling/visning, med tursti gjennom området. Næringsverdi som landbrukseigedomar og potensielt utviklingsverdi for reiseliv/fritid.
Kommentar: Representativt for småbruksprega landbruk. Ein del restaurering/istandsetting av bygningar er oppstarta og utført av eigarar.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 424	Naustmiljø i Valsvik
Koordinatar: N: 6793914 Ø: 36401			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 59/4 m.m.	Tidsfesting: Truleg tilbake til 1700-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Ein viktig del av det gamle sentrumet i bygda med naust og butikk. I dag ca. 11 naust og 3 kaier. Steinkaia “gamlabryggja” var i bruk fram til ny dampskipkai kom i Framfjorden i 1908. 5 av nausta som står i dag er i SEFRAK-registeret. Ved gamlebryggja stod det tidlegare ei sjøbu som er erstatta av ei ny bygning. Nokre av dei gamle naust er lafta, andre er grindbygg. Alderen varierer og er delvis usikker, men kan gå tilbake til 1700-talet. Mange naust blei ombygd på 1900-talet.		
Opphavleg funksjon: Sentrum, kai, naust, butikk (trafikk og handel)		Funksjon no: Kai og naust (fritid)
Tilstand: Intakt naustområde og strandlinje. Varierende bygningsmessig tilstand. Nokre eldre naust har skadar.		
Anna: SEFRAK-nummera: Sjøbui (borte): 14170109003, nausta: 14170109005, 14170109001, 14170109006. Bruken av området for båtopptrekk og naust går truleg mykje lenger attende enn 1700-talet.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Tettstadar og kulturmiljø	Underkategori: -
Kunnskapsverdiar	Arkitekturhistorie, bygningshistorie, samferdselshistorie (Synleggjer førmoderne transport -og samferdsel basert på sjøen/fjorden.) Teknologi- og handverkshistorie i naustbygningar. Stor historisk og historie-forteljande verdi som einaste større naustmiljø i kommunen som er bevart med opphavleg fjøre.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Intakt større naustmiljø med stor historisk djupne.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi (naustområde for eigarar/bygdefolk til fritidsbruk og/eller næring), formidlingsverdi (vising/undervising). Stor bruksverdi som lett tilgjengeleg naust/strandområde, for fritidsbruk og potensielt næringsverdi for reiseliv/fritid.
Kommentar: Representativt for større naustmiljø i fjordbygdene i kommunen og i Sogn.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 425	Gamlegruva på Le
Koordinatar: N: 6793525 Ø: 36962			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: sameige		Tidsfesting: 1908	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Gamlegruva på Le på ca. 400 moh. (gruveopninga, taubanehuset, transformatorhuset, smie og brakke) som var i drift som talkgruve fram til 1956. Det går i dag ein skilta tursti frå Framfjorden og opp til gruva, på den gamle gruvevegen.			
Opphavleg funksjon: Gruvedrift		Funksjon no: Kulturminne	
Tilstand: Gruveopninga er stengt og området rundt gruva er ikkje rydda opp. Bygningane ved gruva står til forfall.			
Anna: På informasjonstavla ved gruva, knytt til turstien, blir ein liten del av industrihistoria formidla. Gamlegruva var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Gruver
Kunnskapsverdiar	Teknologihistorie og handverkshistorie. Stor historisk og historie-forteljande verdi, som synlege spor etter første store industrireising i Sogn, basert på lokale mineralressursar og vasskraft.
Opplevingsverdiar	Turistar opplever området kring Gamlegruva som «abandoned/forgotten place» (gløymd stad) og blir overraska når dei kjem ditt. Symbolverdi og identitetsverdi. Gamlegruva er godt kjent i fjorden og mange har folk i familien eller kjenner nokon som har jobba i talkumindustrien.
Bruksverdiar	Stor museal og pedagogisk verdi, der m.a. ein merka tursti gjev tilkomst. Potensiell næringsverdi som visningsobjekt i reiseliv. Skulen har brukt gruva i samband med undervising.
Kommentar: Viktig industriell kulturminne i kommunen og regionen.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 426	Gamle gruvevegen til Le
Koordinatar: N: Ø:			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 54/3, 54/4, 51/1, sameige	Tidsfesting: 1908 eller eldre	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Gruvevegen frå Framfjorden og opp til talkgruva på Le var arbeidsvegen for dei mange gruvearbeidarane. Med ei stigning på ca 400 m. og i delvis bratt og ulendt terreng, var dette ein verkeleg utfordrande arbeidsveg, særleg vinterstid. Enno kan ein sjå restar etter vaierar og bruer som skulle gjera vegen tryggare å ferdast. Gamlegruva på Le var i drift mellom 1908 og 1956.		
Opphavleg funksjon: veg for arbeidarane i talkgruva, delvis skuleveg		Funksjon no: tursti
Tilstand: Gruvevegen er no stort sett rydda og framkomeleg for dei fleste. Den er også skilta som tursti, med starttavle		
Anna: Turlag og andre aktørar har organisert turar på gruvevegen opp til gruva. Både ved gruva og der stien kjem forbi utsiktspunktet på Le ligg det geocache'ar som blir jamleg oppsøkte av fastbuande og tilreisande. Interesserte privatpersonar og andre har rydda stien. Bygdelaget har skilta stien etter nasjonal standard. Gruvevegen var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Vegar
Kunnskapsverdiar	Industrihistorie. Gruvevegen er del av det som er igjen etter talkumindustrien i Arnafjord.
Opplevingsverdiar	Symbolverdi, identitetsverdi, estetisk verdi. Ved å gå den gamle gruveveg kan ein oppleve kor krevjande arbeidsveg dette var, spesielt ved dårleg ver. På same tid kan ein oppleve storslegen utsikt frå turstien i dag.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, pedagogisk verdi, tilgjenge, ressursverdi. Verdi som tursti, for folkehelse og reiselivet. Skulen har brukt stien i undervisinga.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 427	Smia på talkmølletomta
Koordinatar: N: 6794095 Ø: 36872		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 51/2/1	Tidsfesting: 1927/1928	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Smia frå 1927/1928 og om lag 30 m ² står på den tidlegare talkmølletomta og var del av bygningsmassen som høyrde til mølla. Smia, som er i ein etasje, har rektangulær bygningskropp med gode proporsjonar. Bygget med smie og verkstad er oppført med ytterveggar i bindingsverk og tradisjonelt saltak. Tilbygg (lager) med skråtak. To-fakk, småruta vindaug.		
Opphavleg funksjon: Smie		Funksjon no: ikkje i bruk, lager
Tilstand: Smia viser ikkje større ytre skade. I dag er alle ytterveggar og tak kledd med målte stålplater.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Smie
Kunnskapsverdiar	Handverkshistorie, industrihistorie. Einaste som er igjen etter talkindustrien på talkmølletomta.
Opplevingsverdiar	Symbolverdi, handverksmessig verdi. Smia har nærmast komplett interiør.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, museal verdi, utviklingsverdi. Det finst eit potensiale for smia i samband med tilrettelegging for formidling av historia rundt talkutvinninga i Arnafjord.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 428	Ungdomshuset på Nese
Koordinatar: N: 6795884 Ø: 35440			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 64/6	Tidsfesting: 1920	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Oppsitjarane på Nese
Kort skildring: Lafta ungdomshus med heilvalmtak. Stor sal og scene. Loft. Kjellaretasje med toalett, garderobe, opphaldsrom og kjøken. Vedomn i 1. Etasje, elektrisk oppvarming i kjellaren.		
Opphavleg funksjon: Ungdomshus		Funksjon no: Ungdomshus (basarar, festar, private arrangement)
Tilstand: Ingen større ytre skader, men taket må rehabiliterast innan dei neste åra. Midtdel med storsal og inngangsparti bevart i hovudsak som bygd i 1920.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Forsamlingshus
Kunnskapsverdiar	Arkitektur- og bygningshistorie, sosialhistorie. Stor historisk verdi som godt bevart og lite endra ungdomshus frå tidleg 1900-tal.
Opplevingsverdiar	Stor arkitektonisk verdi, og innfallspurt til det gamle kaimiljøet på Nese. Stor identitetsverdi lokalt. Symbolverdi.
Bruksverdiar	Stor brukssverdi som lokalt kulturhus. Ressursverdi (som stad for samlingar og arrangement), utviklingsverdi. Potensiale for større/utvida bruk.
Kommentar: Representativt for mindre ungdomshus tidleg på 1900-talet. Rehabilitering og opprusting er utført i regi av Arnafjord ungdomslag og med stor dugnadsinnsats lokalt og noko tilskot.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 429	Skulehuset Sylvarnes
Koordinatar: N: 6804491 Ø: 31559			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 71/4	Tidsfesting: 1901	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik kommune	
Kort skildring: Huset i tømmer (8 x 11 m stort) og 2 etasjar var skulehus for dei næraste grendene på sørsida av fjorden. Kjellar under delar av huset. Grunnmur i naturstein. Stort klasserom, opphaldsrom, kjøken og WC. I 2. etasje er det 2 soverom og bad. Skifertak utan tett sutak. Nokre originalvindaug. (kjelde: Skulehuset på Sylvarnes. Bygningsmessig tilstandsrapport 2017)			
Opphavleg funksjon: Skule (fram til 1985), grendahus		Funksjon no: Grendahus og overnattingshytte for turgåarar	
Tilstand: Bygget har enkel standard, men er eit godt og solid hus. Det er trong for ein del vedlikehald (vindaug, vatn og avløp, m.m.). Det er spor etter tidlegare lekkasje i taket.			
Anna: Huset er ikkje i SEFRAK-registeret, sjølv om det har alderen. Huset kan reknast som del av kulturmiljøet på Sylvarnes. Huset blir for tida drifta av Vik Turlag og er del av DNT-systemet. Huset er omtalt i «Skulesoge for Vik», Vik lokalhistorisk arkiv 2005.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Skulehus
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi: Arkitektur- og bygningshistorie, sosialhistorie, skulehistorie, busetjingshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, symbolverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi. Stor brukssverdi som lokalt grendahus og DNT-hytte, og som stad for samlingar og arrangement. Utviklingsverdi.
Kommentar: Representativt for 1. generasjons skulestoverbygde rundt år 1900. Siste i sitt slag i offentleg eige i Arna fjord sokn. Rehabilitering og opprusting/restaurering er utført av Vik Kommune og i nyare tid også av Vik Turlag, med sikte på m.a. å bevare huset sitt historiske preg.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 430	Skulehuset på Nese
Koordinatar: N: 6795749 Ø: 35216		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 64/3 mfl.		Tidsfesting: 1893	
		Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Tømmerhus med skifertak. Huset har i første høgda skulestove og ei leilegheit som lærarane brukte. Soverom på loftet. Det blei bygd til toalett og gang ein gong på 50 talet.			
Opphavleg funksjon: Skule, seinare privat bustad		Funksjon no: sporadisk utleige til private	
Tilstand: Huset står fram som autentisk. Restaurering er under arbeid. Skifertaket er sett i stand. Delar av fasaden er reparert.			
Anna: Huset er ikkje i SEFRAK-registeret, sjølv om det har alderen. Huset er omtalt i «Skulesoge for Vik», Vik lokalhistorisk arkiv 2005.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Skulehus
Kunnskapsverdiar	Stor lokalhistorisk/skulehistorisk verdi. Arkitektur- og bygningshistorie, busetjingshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Ressurssverdi som bustad/fritidshus. Utviklingsverdi: Potensiell næringsverdi for reiseliv.
Kommentar: Rehabilitering og opprusting/restaurering er utført av eigar med støtte av m.a. SMIL midlar. Representativt for skulehus bygde rundt år 1900.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 431	Skredstova
Koordinatar: N: 6795743 Ø: 34905			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 64/63	Tidsfesting: Skredstova: 2008	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: lag under stifting
Kort skildring: Minnet etter Arnafjordulukka i 1811, då ¼ av folket i grenda omkom, totalt 45 menneske. Det blir rekna som det 5. Største rasulukke i Norge sidan 1345. Skredstova blei bygd som lafta stove med torvtak. Inne i huset er det ei utstilling som fortel om ulukka og levemåten til folk på denne tida. På utsida er det bygd ein steinhaus som minnesmerke, med 45 steinar frå raset, ein for kvar omkommen.		
Opphavleg funksjon: Minnesmerke (utstilling)		Funksjon no: Minnesmerke (utstilling)
Tilstand: God		
Anna: På tomte er det også ein parkeringsplass og startskilt for turen til Rosete, Vatnane og Tenne. Minnesmerket er oppsett og drifta av eit lokalt lag på Nese.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Minne etter andre hendingar
Kunnskapsverdiar	Sosialhistorie, busettingshistorie, miljøhistorie. Stor historisk og historieforteljande verdi som minne om storskreda 1811. Utstillinga formidlar også korleis livet var i klyngjetunet på Nese på den tid.
Opplevingsverdiar	Symbol- og identitetsverdi lokalt. Estetisk verdi: Stova er bygd i byggjestilen som passer til stilen i 1811. Utstillinga er til ettertanke om samfunnet på 1800-talet og naturkatastrofar.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi. Museal verdi, utviklingsverdi, ressursverdi (som rasteplass), formidlingsverdi (undervising, vising). Lett tilgjengeleg og synleg.
Kommentar: Storskreda på Nese i 1811 var ei storhending i Arnafjorden og Sogn si historie. Minnetunet er einaste fysiske minne om katastrofen, og er difor med som verdifult kulturminne, sjølv om minnesmerket er reist etter 1950.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 432	Eldhuset frå Dale
Koordinatar: N: 6795735 Ø: 34924		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 64/63	Tidsfesting: 1800-talet eller før	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: lag under stifting
Kort skildring: Det lafta eldhuset blei flytta til Nese frå Dale og er 200-300 år gammalt. Det er registrert i SEFRAK-registeret.		
Opphavleg funksjon: Eldhus	Funksjon no: del av minnetunet etter Arnafjordulukka 1811	
Tilstand: Under restaurering. Torvtaket manglar ennå.		
Anna: SEFRAK-nr. eldhuset: 14170109024. Eit lokalt lag har stått for flytting og restaurering.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Eldhus
Kunnskapsverdiar	Arkitektur- og bygningshistorie, handverkshistorie, landbrukshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, bruks- og alderspreg. Symbol- og identitetsverdi lokalt.
Bruksverdiar	Ressursverdi: Eldhuset supplerer minnetunet med ein fin bygning frå 1800-talet og aukar såleis verdien. Kan brukast i samband med raseplassen.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 433	Bauta ved Arnafjord kyrkje
Koordinatar: N: 6795938 Ø: 35286			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 64/54	Tidsfesting: 1946	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: ungdomslaga	
Kort skildring: Minnestein på krigsgrav til Oskar Ingolf Dale, ved Arnafjord kyrkje. Teksten på steinen: KORPORAL * OSKAR INGOLF * DALE * 11-12 1911 * FALL FOR * FEDRELANDET * I SORTEVIK * I NORD-NORGE * 31-1 1945 * GUD SIGN DEN * ÆRLEGE SVEIN * SOM SØV HER UNDER * STEIN. Oskar Ingolf Dale fall under krigsteneste i Finnmark 31. januar 1945. Han vart førd heim til Arnafjord og gravlagd med stor deltaking 11. august same året. Våren 1946 vart han tildelt Krigsmedaljen post mortem og det vart reist minnestein på grava hans same sommaren. <i>Kjelde: Fylkesarkivet</i>			
Opphavleg funksjon: Minnestein		Funksjon no: Minnestein	
Tilstand: Steinen er delt i to (transportskade)			
Anna: Ungdomslaga i Framfjorden og Arnafjorden gjekk straks etter krigen saman om å reisa minnesteinar over dei falne frå kommunen. Minnesteinen på krigsgrava i Arnafjord vart avduka andre pinsedag, 10. juni 1946. Grava var pynta med levande blomar i nasjonalfargane, planta slik at dei danna det norske flagget. <i>Kjelde: Fylkesarkivet</i>			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Krigshistorie
Opplevingsverdiar	Kunstnarisk verdi, estetisk verdi, symbolverdi
Bruksverdiar	Formidlingsverdi. Steinen har elles ein rolle i det årlege 17.mai-programmet (kransenedlegging).
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 434	Kvernhuset på Nese
Koordinatar: N: 6795971 Ø: 35297			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 64/12	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige	☐ anna eigar:
Kort skildring: Kvernhus ved Kvernhuselvi på Nese. Bygningen er intakt, men utan slok og kvernkall.			
Opphavleg funksjon: Kvernhus		Funksjon no: ingen	
Tilstand: Mura mot elva treng vøling.			
Anna: -			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Kvernhus
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, teknologihistorie, arkitekturhistorie. Eitt av få attverande kvernhus i kommunen. Synleggjer bygnings- og landbrukshistorie på ein god måte.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, pedagogisk verdi.
Kommentar: Bruks- og opplevingsverdien kan aukast ved å rydde litt skog rundt kvernhuset, med tanke på synlegheit og tilkomst.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 435	Stølen Sylvarnesdalen
Koordinatar: N: 6803511 Ø: 29248			Foto:

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: Gardsnr. 71	Tidsfesting: Eldste bygningen er frå 1783	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: På stølen (580 moh.) er det I dag 2 bygningar att. Begge inneheld skot, lafta innsel med ljore, fjøs og vedskott samt geitefjøs I kjellaren. Selet lengst nord er frå 1783 (innskrift på vegg i innselet). Skotet har 7 grinder. Det er bylgjeblekk på taket. Det andre selet er frå 1872 og har I dag torvtak. 4 grinder I skot og fjøs. Det er to tufter til etter tidlegare stølshus. Vedskot I bindingsverk. Det var fast stølsdrift i Sylvarnesdalen fram til 1950, då geitehaldet blei avvikla. Stølsdrifta blei over kortare periodar teke opp att på 1950- og 1960-talet.		
Opphavleg funksjon: støl		Funksjon no: støl (beite)
Tilstand: Begge sel er i god stand. Selet frå 1783 blei bygd om fleire gongar, t.d. på slutten av 1950-talet. Tidlegare hadde det torvtak. Selet frå 1872 blei påbygd med fjøs i 1930.		
Anna: I skråninga på vestsida av selbøen er det strukturar som kan vere forhistoriske tufter (kjelde: Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Rapport nr. 4-2001.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Stølar
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, materialhistorie, landbrukshistorie, utmarkshistorie, vegetasjonshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi og utviklingsverdi for garden, formidlingsverdi.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 436	Gamle Tennesvegen
Koordinatar: N: 6795383 Ø: 34555			Foto:

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 64/66, 64/2, 64/6, 64/1	Tidsfesting: truleg frå middelalder	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Gamle Tennevegen frå Nese til tenne er ein gamal buføre- og kløvjeveg i Arnafjorden, delvis oppmura. Vegen har ukjent alder og eignar seg godt til turar. Utsiktspunkt. Ja-benken. Vegen er del av kulturløypa på Nese og tilgjengeleg for ålmenta.		
Opphavleg funksjon: buføre- og kløvjeveg	Funksjon no: tursti	
Tilstand: stort sett i god stand		
Anna: Rydda og merka/skilta av bygdefolk som del av kulturminneløype på Nese i Arnafjorden. Gamle Tennesvegen var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Samferdsel på land og sjø	Underkategori: Vegar
Kunnskapsverdiar	Synleggjer veg- og samferdselshistorie lokalt. Landbrukshistorie, teknologihistorie (vegbygging), utmarkshistorie.
Opplevingsverdiar	Estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi. Fin sti/veg, spesielt der han er murt opp med naturstein. Gamle Tennesvegen er godt kjent blant lokalbefolkninga.
Bruksverdiar	Ressursverdi: Brukt av ålmenta til tursti, delar også som tilkomst og driftsveg til eigar sine teigar. Formidlingsverdi: kulturløype, gamle ferdsselsvegar.
Kommentar: Truleg ein av dei eldste ferdsselsvegane i Arnafjord.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 437	Gamletunet på Nistad
Koordinatar: N: 6795977 Ø: 36319			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 49/2	Tidsfesting: Alle bygningar er truleg frå før 1850.	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Gamalt klyngjetun som før var 2 bruk. I dag står det att 5 bygningar: Eitt kvitt, lafta stovehus i 1,5 etasjar med saltak (bylgjeblekk) og kjellar murt i naturstein. Eitt lafta stovehus i 1,5 etasjar med saltak (torv) og kjellar i naturstein. Eitt eldhus (grindbygg, saltak i bylgjeblekk) med peis og mur opp til taket på den søraustlege vegg. Ei lita, lafta bu i 1,5 etasjar (saltak i bylgjeblekk) med 2 rom. Den 5. bygninga, litt nedom dei andre bygningane, manglar det informasjon om (muligens rest etter ein driftsbygning), men det ser ut til å liggje bylgjeblekk på taket. Elles er det ruinar etter 8-9 fleire bygningar i tunet, eit av dei var ein driftsbygning. Spesielt med tunet er innhegningane bak husa omkransa av store, kraftige steinmurar. Mange bakkemurar og oppbygde terrassar i området rundt tunet.		
Opphavleg funksjon: Gardstun, bustad, landbruk		Funksjon no: ikkje i bruk
Tilstand: Ukjent. Tunet står til forfall, nokre bygningar ser ut til å ha vore i nokolunde bra stand for om lag 10 år sidan (fotografering i samband med eigedomsskatt).		
Anna: SEFRAK-nummera: Kvitt våningshus 14170109055, stovehus 14170109054, eldhuset 14170109056, bui 14170109067		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Gardstun
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, arkitekturhistorie, handverkshistorie, landbrukshistorie, busetjingshistorie. Veldig spesielt med dei store innhegningar/steinmurar.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, identitetsverdi. Teoretisk lett tilkomst, 150 m opp frå fylkesveg 92.
Bruksverdiar	Potensiell ressursverdi (landbruk, bustad), utviklingsverdi, formidlingsverdi (vising, undervising).
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 438	Tun på Hovland
Koordinatar: N: 6806385 Ø: 49471		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 100/1	Tidsfesting: Garden låg øyde om lag 200 år etter Svartedauden.	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Intakt eldre tun med våningshus frå 1907. I huset var det skule fram til om lag 1927. Gamlestova frå kring 1735 med eldhus i nordre del. Sørlege del er halvlemstove og trekassefabrikk. Sag ved bekken. Smie. Løe med gamal og nyare del. Kornturke. Stabbur (flytta frå Gildhus og under gjenreising). Det opphavlege stabburet er rive.		
Opphavleg funksjon: Gardsbruk		Funksjon no: Gardsbruk og turisme
Tilstand: Bygningane er i god stand. Våningshuset blei påbygd på austsida i 2014.		
Anna: 5 bygningar på tunet er i SEFRAK-registeret. SEFRAK-numra: : Løa 14170101014, Stove/eldhus 14170101013, smia 14170101027, saga 14170101015. Gamlestova og kornturka var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Gardstun
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, arkitekturhistorie, handverkshistorie, teknologihistorie, landbrukshistorie, busetjingshistorie, skulehistorie. Stor historisk og historieforteljande verdi. Godt bevart tun/bygningsmiljø og kulturlandskap med stor tidsdjupne og mange bygningstypar/funksjonar.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, identitetsverdi. Plassering i landskapet og utsyn over fjord og fjell gjev tunet ekstra opplevingsverdi.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi. Ressursverdi (landbruk, bustad), næringsverdi (gardsturisme), utviklingsverdi, formidlingsverdi (vising, undervising), museal verdi.
Kommentar: Restaurering er utført av eigar med støtte frå Kulturminnefondet og SMIL midlar.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 439	Stølen Mytingen
Koordinatar: N: 6805408 Ø: 50276		Foto:	

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 100/1	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Mytingen er fjellstølen til Hovland og ligg på ca. 610 moh., vest for Kongshaug. Stølen har 2 sel, eit for kvar av dei 2 bruکا på Hovland, og ein fjøs. Sela er lafta, mens fjøsen er eit grindbygg. Byggjeår for bygningane er ukjent.		
Opphavleg funksjon: Fjellstøl		Funksjon no: Fjellstøl
Tilstand: Ikkje teikn på ytre skader		
Anna: Bygningane er i SEFRAK-registeret. SEFRAK-nummera: fjøs: 14170101046, sela 14170101048 og 14170101047. Mytingen var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Stølar
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, arkitekturhistorie, landbrukshistorie, utmarkshistorie. Stor historisk og historieforteljande verdi både i seg sjølv og som del av garden Hovland.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, symbolverdi. Stor estetisk verdi som autentisk støl med spektakulær plassering i fjordlandskapet.
Bruksverdiar	Næringsverdi (landbruk, turisme), formidlingsverdi
Kommentar: Representativ for mindre stølar på mellomhøgde.	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 440	Tun i Øksdal
Koordinatar: N: 6807618 Ø: 50118		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 99/2	Tidsfesting: Øksdal var truleg busett før Svartedauden. Busett på nytt i 1563. Frå 1611 to bruk.	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Eit av 2 tun i Øksdal (130 moh.). Bruk 2 var i 1647 og 1723 eigd av Bispestolen i Bergen, deretter benefisert. Sjølveigd frå 1857. Alle bygningar (til begge bruk) stod tidlegare samla på det som i dag er bruk 2, i alt 12-13 hus. I 1900 var det utskifting på garden, og bruk 1 flytta over på sørsida av elva. Alle hus til bruk 1 blei då rivne i det gamle klyngjetunet. I dag står det att ei halvlemstove frå 1834, eit stabbur, ei bu i tømmer og ein driftsbygning. <i>Kjelde: Gudmund Ballvoll (2008): Gards-og ættesoge for Vik i Sogn</i>			
Opphavleg funksjon: Klyngjetun		Funksjon no: Tun (ikkje fast busetnad)	
Tilstand: Bygningane ser ut til å vere i tilfredsstillande tilstand, berre halvlemstova treng istandsetjing pga lekkasje i taket.			
Anna: Alle bygningar i tunet er i SEFRAK-registeret. Halvlemstova, Bui og driftsbygningen er registrerte som bygningar oppført før 1850.			


Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturmiljø	Underkategori: Gardstun
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, arkitekturhistorie, historieforteljande verdi
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi. Opplevingsverdi
Bruksverdiar	Ressursverdi som bustad/fritidsbustad eller i reiselivsnæring (potensiell næringsverdi)
Kommentar:	

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 441	Gamle vassveiter på Vangsnes
Koordinatar: N: 6807002 Ø: 51719			Foto:
			Manglar foto

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 99/1 og sameige	Tidsfesting: fyrste anlegget truleg sein mellomalder	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Anlegget på fleire 100 m forsyner Vangsnes med drikkevatt. Vatnet kjem frå Langavatnet, og veita går til Svartatjønn. Veita tek til ovanfor stølen Kleivadalen og renn gjennom den gamle stølsvollen og vidare ned mot Mannsverk, som er namnet på muren (viadukta) over gjelet. Muren er 10-15 m lang. Ved Mannsverk blir vatnet delt mellom Vangsnes og Tveit/Øksdal. Utfordringa har alltid vore å få vatnet til å renne over gjelet og ned mot neset på Vangsnes. Det er grunn til å tru at den eldste foten av murt naturstein og ei vassrenne av tømmer stammer frå sein mellomalder. Rundt 1940 blei det laga til ei ny vassrenne støyt i betong, oppå ein forsterka mur i stein over Mannsverkgelet (kjelde: Informasjonsskilt Vangsnes bygdelag og Knut Hovland).		
Opphavleg funksjon: Vatningsveite		Funksjon no: vatningsveite, kulturminne
Tilstand: Frostsprenging gjorde at det vart mykje vedlikehald på betongrenna. Kring 1970 vart vatnet lagt i røyr oppå betongrenna, slik at ein skulle unngå problem vinterstid.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Vatningsveiter
Kunnskapsverdiar	Teknologihistorie, materialhistorie, busettingshistorie. Stor teknologi- og busettingshistorisk verdi. Sikker vassforsyning var vilkår for varig busetting på Vangsnes. Anlegg i drift med stor historisk djupne.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, symbolverdi. Lett tilgjengeleg og synleg anlegg ved stølsvegen Vangsnes-Kallbakk.
Bruksverdiar	Ressursverdi (som vatningsveite), formidlingsverdi (undervising).
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 442	Bauta over Ingvald Vangsnes
Koordinatar: N: 6810868 Ø: 51044			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 97/228	Tidsfesting: 1946, steinen flytta i 1989	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Vik kommune
Kort skildring: Krigsminnet i granitt over Ingvald O. Vangsnes som omkom ombord i krigsskip på Narvik hamn ved krigsutbrotet i april 1940. Bautaen er reist av ungdomslaget på Vangsnes.		
Opphavleg funksjon: Krigsminne		Funksjon no: Krigsminne, seremoniplass på 17. mai
Tilstand: God tilstand		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Krigshistorie
Opplevingsverdiar	Kunstnarisk verdi, estetisk verdi, symbolverdi
Bruksverdiar	Formidlingsverdi
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 443	Bedehuset i Berdal
Koordinatar: N: 6806078 Ø: 56259			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 174/14	Tidsfesting: 1941	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Foreining Bedehuset Berdal
Kort skildring: Bygginga av bedehuset starta i 1930, men det sto ikkje ferdig før i 1941. Huset består av to delar, det opphavlege huset med valma tak og eit seinare påbygg (1970) på oppsida.		
Opphavleg funksjon: Bedehus		Funksjon no: Bedehus og forsamlingslokale
Tilstand: ukjent		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for fellesskapet	Underkategori: Bedehus
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, religionshistorie.
Opplevingsverdiar	Symbolverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi (som bedehus og forsamlingslokalet), formidlingsverdi.
Kommentar: Representativt for nyare organisasjonseigde forsamlingshus	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 444	Gamlestova på Lunde
Koordinatar: N: 6804507 Ø: 57775			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 165/1	Tidsfesting: 1865	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Gamlestova på Lunde i Feios er oppført med dobbel gråsteinsmur med mold i mellom som isolasjon. På 1900-talet (ca. 1930) vart loftetasjen ombygd med fleire rom og brattare tak. Før låg sperrene ned på murane, og det var torvtak på huset. I seinare tid vart det lagt nytt tak, og utskifting av alle vindauge. Den høge grunnmura gjer stova spesiell.			
Opphavleg funksjon: Bustadhus fram til 1995		Funksjon no: Feriehus for slekt, i bruk under Vidasete opp	
Tilstand: God			
Anna: Gamlestova på Lunde var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Tradisjonell
Kunnskapsverdiar	Bygnings- og arkitekturhistorie, handverkshistorie (muring), landbrukshistorie. Stor bygningshistorisk verdi som eitt av få våningshus med murt gråstein som stor del av yttervegg.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk og estetisk verdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi (som feriehus), formidlingsverdi. Potensiell næringsverdi (utleige).
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 445	Smia på Brennene
Koordinatar: N: Ø:			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 159/13	Tidsfesting: truleg 1870-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Smia på Brennene var den største ljàsmia i Sogn. Den fyrste me kjenner til som brukte smia var Brenne-Jo, Jon S. Dræge. Han var smed på Brennene på 1870-tallet. Gudvin Tveit dreiv smia fram til 1940-tallet. den gamle bygdevegen gjekk opp til Brennene via Sandgota. Deretter frametter Brenneflatane til Hestøyna.			
Opphavleg funksjon: Smie		Funksjon no: ukjent	
Tilstand: God			
Anna: -			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Smier
Kunnskapsverdiar	Stor handverks- og teknologihistorisk verdi som største ljàsmia i Sogn
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, symbolverdi
Bruksverdiar	Formidlingsverdi. Museal og pedagogisk verdi
Kommentar: Ei av få bevarte smier i kommunen	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 446	Lafta utløe Grindedal
Koordinatar: N: 6804679 Ø: 57463			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 164/1	Tidsfesting: 100-200 år gamal	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Gammal løe i lafteverk som ligg ovanfor garden på Dale i Feios. Løa blei før brukt til lagring av hø.			
Opphavleg funksjon: Høyløe		Funksjon no: ikkje i bruk	
Tilstand: Det blei nyleg rydda vegetasjon rundt løa. Tilstanden til sjølve bygninga er ukjent.			
Anna: Løa var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015»			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Utløer
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, handverkshistorie, arkitekturhistorie.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, arkitektonisk verdi, identitetsverdi (som bygning som høyrer til garden)
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, utviklingsverdi, ressursverdi
Kommentar. -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 447	Våningshus Indre Borlaug
Koordinatar: N: 6806355 Ø: 61126			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 157/1	Tidsfesting: 1885	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Huset på om lag 14,5 x 8,5 m er av tømra truleg skoren på den gamle gardssagi. Huset er oppført i ein full etasje pluss loft og jordkjellarunder om lag halve huset. Grunnmur i naturstein. Innskjeringar stadfestar byggjeåret. Kledningen er for det meste liggjande. Saltaket er i dag dekt med dråpeskifer frå Voss, men hadde pannestein før. Arket blei truleg bygd på mellom 1940 og 1950, i samband med byting av tak.			
Opphavleg funksjon: våningshus		Funksjon no: sporadisk utleige til privat	
Tilstand: Stort sett god, men taket treng mindre reparasjonar. Takutstikka må takast att. Det trengast nye beslag og takrenner. Teglsteinpipa må rehabiliterast. Restaurering av vindauge og dør er aktuelt.			
Anna: Det blei i 2015 løyvd SMIL-midlar til utvendig rehabilitering av huset. Prosjektet pågår.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Tradisjonell
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, handverkshistorie, arkitekturhistorie
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, arkitektonisk verdi
Bruksverdiar	Kan etter istandsetjing brukast som våningshus eller til utleigehus på garden.
Kommentar. -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 448	Bauta ved Osen bru
Koordinatar: N: 6807280 Ø: 56800			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 160/51	Tidsfesting: 1927	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar: Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Statens Vegvesen Region Vest
Kort skildring: Steinen blei reist i samband med bygging av Osen bru og står rett att med brua/vegen.		
Opphavleg funksjon: Minnestein for brua		Funksjon no: Minnestein for brua
Tilstand: God. Men trua av attgroing		
Anna: Minnesteinen var eit bidrag til fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015»		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Minne etter hendingar
Kunnskapsverdiar	Handverkshistorie, kunsthistorie, samferdselshistorie
Opplevingsverdiar	Estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi
Bruksverdiar	Formidlingsverdi
Kommentar. -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 449	Krigsgrav på kyrkjegarden i Feios
Koordinatar: N: 6807386 Ø: 57261			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: -	Tidsfesting: 1945	Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar:
Kort skildring: Grava til brørne Alv og Odd Hove på kyrkjegarden ved Feios kyrkje. Under krigen 1940-1945 var Odd mannskap på norsk skip i alliert fart. Han var sjuk og døydde på sjukehus i Skottland 2. august 1945. Urna vart førd heim og nedsett i grava til broren Alv, 6. oktober 1945. <i>Kjelde: Kulturhistorisk Leksikon</i>		
Opphavleg funksjon: Minnestein		Funksjon no: Minnestein
Tilstand: Ukjent		
Anna: Gravsteinen er omtalt på Kulturhistorisk Leksikon til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Krigshistorie
Opplevingsverdiar	Symbolverdi
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, identitetsverdi
Kommentar. -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 450	Driftsbygning på Stjernegjerd
Koordinatar: N: 6805393 Ø: 56029			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 173/1	Tidsfesting: 1909, påbygd i 1989	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Driftsbygning med open kjellar (gjødsekkjellar) på om lag 450 m ² , natursteinmur med bindemiddel (fuga) og 3 mura kvelvingar. Grind- eller stavkonstruksjon. Kledd med vertikal trepanel (låvepanel). Saltak med bylgjeblekk.		
Opphavleg funksjon: Driftsbygning/fjøs		Funksjon no: Driftsbygning/fjøs
Tilstand: ikkje synlege større ytre skader		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Driftsbygningar
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, arkitekturhistorie, landbrukshistorie
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, spesielt pga. den flotte natursteinmura og kvelvingane.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi for garden, formidlingsverdi.
Kommentar. Murt kjellar/underetasje med uvanleg storleik og kvalitet På murverk.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 451	Tunet på Skau gard
Koordinatar: N: 6797570 Ø: 65810			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 138/1	Tidsfesting: 1800-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Tunet på Skau har eit lafta våningshus bygd i 1860, natursteinmur (fuga tørrmur). Driftsbygningane er bygd saman i hesteskofasong. Her er det fjøs, løe, snikkarverkstad/ skomakarverkstad, stabbur og taubane. Løa med saltak er lafta og frå fyrste halvdel av 1800-talet. Stabburet er på 5 x 4 meter og i lafteverk.		
Opphavleg funksjon: gardstun (gardsdrift og bustad)		Funksjon no: gardstun (gardsdrift og bustad), i løa er det tilrettelagd til arrangement/selskapslokalet
Tilstand: Våningshuset blei ombygd på 1900-talet (heva tak og påbygg i bindingsverk). Løa er restaurert. Snikkarverkstaden er under restaurering.		
Anna: Tunet dannar kulissen kring scena på Fres-festival, ein populær musikkfestival som kvart år blir arrangert på garden og trekker mykje folk til bygda og garden.		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Gardstun
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, bygningshistorie, handverkshistorie, teknologihistorie
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi, identitetsverdi. Skau gard ligg sentralt i Fresvik og er godt tilgjengeleg. Tunet «representerer» Fresvik/Vik kommune under musikkfestivalen.
Bruksverdiar	Ressursverdi, næringsverdi, utviklingsverdi, formidlingsverdi. Stor bruksverdi for garden, også i samband med musikkfestivalen.
Kommentar: Restaureringa som er utført sidan 2011 blei støtta av Kulturminnefondet, UNI-stiftinga og Vik kommune (SMIL-midlar). Frå 1814 til 1859 var Skau sjefsgard for kommandanten i Tjugumske kompani. Med ekserserplass på Høgheim. Kommandantbustaden vart seinare flytta til Sunnfjord, og brukt som skulehus på Mo jordbruksskule.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 452	Larshuset
Koordinatar: N: 6797786 Ø: 65828		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: 141/28	Tidsfesting: 1904	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Lars O. Bøthun bygde huset. Han var handelsmann og blei kalla Kipar-Lars. Huset i 1,5 etasjar hørde opphavleg til garden Ulriksborg. Natursteinmus og kjellar. Huset har saltak i skifer. På nordsida av huset er det trappeoppgang, 2 opne veranda og ark. Det er store takutstikk, buer mellom verandasøylene og talrike dekorative utskjeringar. God representant for sveitserstilen.		
Opphavleg funksjon: Bustadhus		Funksjon no: Fritidshus
Tilstand: Ikkje teikn på større ytre skader. Godt bevart med autentisk preg.		
Anna: -		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Sveitservilla
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, stilhistorie, arkitekturhistorie
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, kunstnarisk verdi, symbolverdi, identitetsverdi
Bruksverdiar	Ressursverdi som bustad eller feriebustad, potensiell utviklingsverdi innan reiseliv, formidlingsverdi som typisk sveitservilla med karakteristiske element.
Kommentar: Huset utgjer, saman med «hotellet» og kyrkja eit kulturmiljø med stor estetisk og historisk verdi i Fresvik sentrum.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 453	Hotellet
Koordinatar: N: 6797814 Ø: 65840		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 141/11	Tidsfesting: ca. 1892/1893	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Huset blei bygd av Ola O. Bøthun som hotell, med landhandel i kjellaren. Det er ein sveitservilla i 2,5 etasjar og med saltak i skifer. På nordsida av huset er det trappeoppgang, 2 opne veranda og ark. Det er store takutstikk, buer mellom verandasøylene og talrike dekorative utskjeringar. God representant for sveitserstilen.			
Opphavleg funksjon: Hotell og landhandel		Funksjon no: Fritidshus	
Tilstand: Ikkje teikn på større ytre skader. Godt bevart med autentisk preg.			
Anna: Hotellet er omtalt i ein artikkel i Fylkesleksikon for Sogn og Fjordane (allkunne)			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Våningshus frå ulike tider	Underkategori: Sveitservilla
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, stilhistorie, arkitekturhistorie, næringshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, kunstnarisk verdi, symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi som bustad eller feriebusad, potensiell utviklingsverdi innan reiseliv, formidlingsverdi som typisk sveitservilla med karakteristiske element.
Kommentar: Huset utgjer, saman med «Larshuset» og kyrkja eit kulturmiljø med stor estetisk og historisk verdi i Fresvik sentrum.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 454	Notanaustet
Koordinatar: N: 6797913 Ø: 65940			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 140/3		Tidsfesting: kring 1910*	
		Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Notanaustet på ca. 6 x 11 meter blei bygd av Bøthun notalag. Naustet står på pålar og kjer frå flomålet og ut i marbakken. Det er bygd i bindingsverk. Kledning består av furu, borda har mellomrom på 5-10 cm. Saltak med bylgjeblekk.			
Opphavleg funksjon: Notanaust, tørking og oppbevaring av nøter		Funksjon no: naust	
Tilstand: Notanaustet var nyrestaurert i 2016. I samband med restaureringa blei rotne delar av konstruksjonen (pålar, golvbord og bærande konstruksjon) skifta ut. Kledning er skifta og taket blei 4 plater byta mot anna brukt bylgjeblekk. Fundamentet blei ordna.			
Anna: * under SEFRAX-registreringa (14170115018) blei det skrive at notanaustet er frå 1800-talet, og at det blei skifta tak og truleg også veggjar og golv i 1906 eller 1908. Notanaustet blei i 2009 vald til Fresvik skule sitt kulturminne dette året. Notanaustet var også eit bidrag i fotokonkurransen «mitt kulturminne 2015».			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Naust
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi med omsyn til bygnings- og fiskerihistorie. Einaste notanaust som er igjen i Sogn.
Opplevingsverdiar	Stor opplevingsverdi. Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi
Bruksverdiar	Ressursverdi for garden, utviklingsverdi, stor formidlingsverdi. Notanaustet er relativt lett tilgjengeleg frå kaia i Fresvik.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 455	Kverni i Tråene
Koordinatar: N: 6796785 Ø: 65111		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 135/8	Tidsfesting: Byrjinga av 1900-talet	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Hermundskverni blei i 1906 teken av elvi saman med to andre kvernar. Det var truleg den udelte Bjørnetungarden som eigde kverni. I seinare tid bygde Hermundgarden, Bøtun og Teigen kverni opp på nytt. Kverni i Tråene er ein av dei tre kvernane som no står att. Denne kverni er ikkje tømra, men sett opp av reisverk. No har kverni også bølgeblekktak. Kverni står på kanten av ein liten teig nede i Tråene.			
Opphavleg funksjon: Kvernhus		Funksjon no: Stasjon på kulturløypa, trimpost	
Tilstand: God			
Anna: Her er endepunktet for folkestigen som går langs elva frå bana. Ved døra har helselaget hengt opp ein kasse der trimmarane kan skrive namnet sitt. Kverna har ståande panel og bølgeblekktak.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Kvernhus
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi innan landbrukshistorie
Opplevingsverdiar	Symbolverdi, identitetsverdi. Godt tilgjengeleg gjennom kulturløypa og trimposten.
Bruksverdiar	Ressursverdi som trimpost og kulturløypestasjon. Formidlingsverdi.
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 456	Bautasteinen ved Fresvik kyrkje
Koordinatar: N: 6797749 Ø: 65785			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 138/5		Tidsfesting: 1913	
		Eigar: ☐ privat eige ☒ anna eigar:	
Kort skildring: Minestein etter 10 soldatar frå Fresvik som var med i krigen mot Sverige 1807-1814. Desse var J. Bjørnetun H. K. Hov, Halvard Hov, Anders H. Flethe, Tomas Hatlelid, Botolf Grundeland, Anders Otterhjell, Ola Bøthun, I. Bøthun og A. A. Hov. På baksida av steinen er det også ei innskrift: <i>Fresvikingar i Amerika og heime sette steinen. Kjem Noreg i naud, me fylkar oss tett, me ringar med vakt ditt hov.</i> Bautaen kom frå eit steinbrot I Ytre Offerdal. Steinen blei finansiert gjennom innsamling I bygda og I frå utflytta fresvikjer I Amerika.			
Opphavleg funksjon: Krigsminnes		Funksjon no: Krigsminne	
Tilstand: ikkje større, synlege skader			
Anna: Bautaen er m.a. omtalt i Fylkesleksikon Sogn og Fjordane (allkunne) og i Kulturhistorisk leksikon til Fylkesarkivet Sogn og Fjordane.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Krigshistorie, lokalhistorie.
Opplevingsverdiar	Symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi
Kommentar: -	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 457	Minnestein over Hans Elvheim
Koordinatar: N: 6797729 Ø: 65838			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 138/5	Tidsfesting: etter 2. verdenskrig	Eigar: ☐ privat eige	☒ anna eigar:
Kort skildring: Minnesteinen står på grava til hans Elvheim ved Fresvik kyrkje. Innskrifta står under to krosslagde flagg: <i>NOREG (i boge) * HANS ELVHEIM * 16-1.1912 * 26-9.1940 * Var friviljug med * i Krigen 1940-1945 og ofra * livet for fædrelandet. * Takksame bygde- * folk reiste steinen.</i> Den 10. april 1940 reiste Hans Elvheim som ein av 23 menn frå Fresvik, til Bømoen på Voss for å vere med å forsvare landet mot den tyske okkupasjonsmakta. Han reiste som frivillig. Under kampane i Valdres blei han sjuk og døydde i september same året. Etter krigen reiste bygdefolket minnesteinen på grava hans.			
Opphavleg funksjon: Minnestein		Funksjon no: Minnestein	
Tilstand: ikkje større, synlege skader			
Anna: Minnesteinen er m.a. omtalt på nettstadane Lokalhistoriewiki og i Kulturhistorisk leksikon til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Krigsminne
Kunnskapsverdiar	Krigshistorie, lokalhistorie. Viktigaste krigsminne etter 2. verdenskrig i Fresvik.
Opplevingsverdiar	Symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi. Kransepålegging i samband med 17. mai-feiring
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltretteljar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 458	Løypestrengen på Skausvollen
Koordinatar: N: 6796966 Ø: 65432			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 141/4	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Løypestrangen ligg tett ved høyløa på Skausvollen og har vore i bruk like fram til no til å fire ned høy frå bakkane over. Tidlegare blei han brukt til både høy og lauvkjervar.			
Opphavleg funksjon: Løypestreng		Funksjon no: Løypestreng	
Tilstand: framleis i funksjon			
Anna: Løypestrengen er del av kulturløypa i Fresvik og er m.a. omtalt på nettstaden lokalhistoriewiki.no .			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Løypestrengar
Kunnskapsverdiar	Stor kunnskapsverdi. Landbrukshistorie, utmarkshistorie.
Opplevingsverdiar	Stor opplevingsverdi, spesielt når den kan vere i funksjon. Symbolverdi, identitetsverdi.
Bruksverdiar	Teoretisk ressursverdi for garden. Formidlingsverdi, også som stasjon på kulturløypa i Fresvik.
Kommentar: Løypestrengen var ei viktig teknologisk nyvinning som gjorde det mogeleg å hausta utmarksressursane med vesentleg mindre arbeidsinnsats.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 459	Minnestein over Mensen Ernst
Koordinatar: N: 6797440 Ø: 65254			Foto:

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 139/30	Tidsfesting: 1987	Eigar: ☐ privat eige	☒ anna eigar:
Kort skildring: Minnestein ved idrettsbana etter "løparkongen" Mensen Ernst. Idrettslaget i Fresvik, Modig IL, fekk i 1987 sett opp steinen, som blei henta frå Fresvikåsen. I denne er det inngravert: <i>Til minne om Løparkongen Mensen Ernst (Mons Monsen Øyri) frå Fresvik 1795-1843 Om vegen tidt var bratt og lang like fullt du la på sprang med vilje, mot og spenst i kroppen hamna du på verdstoppen.</i> Teksten er skrive av Sigurd Høgheim. I samband med avdukinga arrangerte Modig IL det fyrste Mensen-Ernst-Minneløpet som sidan blei arrangert kvart år.			
Opphavleg funksjon: Minnestein		Funksjon no: Minnestein	
Tilstand: God			
Anna: Steinen er m.a. omtalt på nettstadane GeoAtlas og Lokalhistoriewiki, og i Store norske leksikon. Steinen står på kommunal grunn.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Minne etter personar
Kunnskapsverdiar	Idrettshistorie, lokalhistorie
Opplevingsverdiar	Estetisk verdi, symbolverdi. Mensen Ernst er ein av dei mest kjende personane i frå Fresvik.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi, pedagogisk verdi. Verdi som «valfartsstad» for løpsentusiaster.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner"

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 460	Bakkaveiti
Koordinatar: N: 6795340 Ø: 65094			Foto:
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: fleire ulike	Tidsfesting: opparbeidd før 1850	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Lang vatningsveit med inntak i Skardelva, nedunder garden Otterhjell. Ho kryssar vegen ved Åvasvingen og renn vidare nedover Solali, til ho endar i Dragaskardet på ca. kote 60, ved brønnen på Høgheim. Det var bruka på Høgheim, Bøthun, Bjørnetun og Skau som kosta veita. Bakkaveiti var i bruk fram til rundt 1950. Ein man med kallenamn "Storesvensken" fekk oppdraget med å grave veita. Han fekk 7 tønner korn i løn. <i>Kjelde: Pridlao 1-2010</i>		
Opphavleg funksjon: Vatningsveit og forsyning av gardane med vatn i tørre periodar		Funksjon no: kulturminne
Tilstand: god		
Anna: Fresvik skule hadde vinteren 2002-2003 eit prosjekt der elevane samle og registrere opplysingar om vatningsveiter i Fresvik. Veitene blei også gått opp med GPS. Resultat er publisert på Geoatlas (geoatlas.no).		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Vatningsveiter
Kunnskapsverdiar	Teknologihistorie, materialhistorie, busettingshistorie. Stor teknologi- og busettingshistorisk verdi. Sikker vassforsyning var vilkår for varig busetting.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, symbolverdi.
Bruksverdiar	Ressursverdi (som vatningsveite), formidlingsverdi (undervising).
Kommentar: Bakkaveiti er, saman med Mannsverk på Vangsnes, eitt av få attverande anlegg som syner korleis bygdene sikra livsviktig vassforsyning.	


Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☐ Kulturminne ☒ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 461	Stavasagi
Koordinatar: N: 6797874 Ø: 67612			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 138/1		Tidsfesting: bygd rundt 1920	
		Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Stavasagi blei bygd ved Tømmervikgroi og nytta til å skjere tønnestavar. Frå gammalt av var det tømmerløype der, og terrenget var bratt og tømmeret slo seg ofte sund. Det blei bygd hytte til overnatting med stall i kjellaren. 1927 byrja dei å skjera fruktkassar på Stavasagi. Først spikra dei kassane på Stavasagi og sende ein kasse om gongen på løypestreng ned til Tømmerviki og vidare med båt. Seinare tørka dei materialane ved sagi og køyrde dei med hest bort på Juklahjellen. For å få vatn til sagi bygde ein tre demningar tvers over Mulamyri: Vesledammen, Midtdammen og Storedammen. Når dei skar på sagi brukte dei først opp vatnet i Vesledammen, så opna dei neste dam og slik brukte dei opp vatnet i alle dammane. Så stengde dei lukene, og om natta rann vatnet i att. I dag er det stort sett berre saghuset som står att. <i>Kjelde: Turstiplakat</i>			
Opphavleg funksjon: sag, overnatting ,stall		Funksjon no: Huset blir av og til brukt til overnatting. Lokalhistorisk informasjonspunkt.	
Tilstand: Sjølve sagi er borte, men det finst restar etter anlegget. Huset som var brukt til overnatting står også. Tilstanden er ukjent.			
Anna: Stavasagi er ein stasjon med informasjonsskilt i turstinettverket på Fresvikåsen som IL Modig og Fresvik 4H har stått for.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Bygg og anlegg for næring og industri	Underkategori: Sag
Kunnskapsverdiar	Stor teknologihistorisk og lokalhistorisk verdi.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, symbolverdi. Stor opplevingsverdi som stasjon langs turløypa.
Bruksverdiar	Formidlingsverdi i samband med bruken av turløypa og med undervising.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 462	Holeløa
Koordinatar: N: 6797555 Ø: 65472			Foto:
			

Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 136/2	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Lafta løe med eit lite tilbygg i austenden og eit opplett i midten. Bygd delvis av brukte materialar. Inne var det fjøs for kyr og sauar samt lagring av turrhøy. Løa har saltak tekt med teglstein. Natursteinmur.			
Opphavleg funksjon: Løe og fjøs		Funksjon no: ukjent	
Tilstand: ikkje synlege større, ytre skader			
Anna: -			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Driftsbygningar
Kunnskapsverdiar	Bygningshistorie, materialhistorie, arkitekturhistorie, landbrukshistorie.
Opplevingsverdiar	Arkitektonisk verdi, estetisk verdi, handverksmessig verdi, symbolverdi. Løe står veldig sentralt i Fresvik, rett att med fylkesveg 183.
Bruksverdiar	Ressursverdi for garden. Formidlingsverdi.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 463	Fresvikvarden
Koordinatar: N: 6790490 Ø: 55125		Foto:	
			

Fakta om kulturminnet		
Gbnr.: -	Tidsfesting: truleg fleire hundre år gamal	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:
Kort skildring: Varden på 1180 moh er eit landmerke på stølsvegen mellom Fresvik og Fresvikjordalen. Det stikker ut 2 "armer" i form av stein. Den eine seiast å peike mot Fresvik, den andre mot Øvstedalen. Varden blei i gamle dagar brukt i samband med offer. Ei segn fortel om varden og eigedomstilhøve i Jordalen. Varden skal vere frå før Svartedauden.		
Opphavleg funksjon: Varde, offervarde		Funksjon no: varde, landmerke
Tilstand: ingen større synlege skader		
Anna: Fresvikvarden ligg i Nærøyfjorden landskapsvernområde		

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Minnesmerke og monument	Underkategori: Vardar
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, sosialhistorie, samferdselshistorie, utmarkshistorie
Opplevingsverdiar	Estetisk verdi, symbolverdi. Stor opplevingsverdi pga. storleiken.
Bruksverdiar	Stor bruksverdi som varde for turgåarar.
Kommentar: -	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivektning av kulturminner»

Verdisetting	☒ Kulturminne ☐ Kulturmiljø	Kap. 4.4 Nr. 464	Steingjerdet på Nedsta Hov
Koordinatar: N: 6797988 Ø: 64950			Foto:
			
Fakta om kulturminnet			
Gbnr.: 149/7	Tidsfesting: ukjent	Eigar: ☒ privat eige ☐ anna eigar:	
Kort skildring: Steingjerde på totalt 212 m lengde i lia på Nedsta Hov. Ein traktorveg delar mura to. Den øvre delen er på 104 m, den nedre på 108 m. Gjerdet varierer noko i utforming og har både avsnitt med dobbelmur og avsnitt med kistemur som er breiare.			
Opphavleg funksjon: Steingjerde		Funksjon no: Steingjerde	
Tilstand: under restaurering			
Anna: Det blei i 2017 løyvd SMIL-midlar til istandsetjing av steingjerdet.			

Verdivurdering av kulturminnet	
Kategori: Landbruket sine kulturminne	Underkategori: Steingjerder
Kunnskapsverdiar	Landbrukshistorie, utmarkshistorie, handverkshistorie. Stor kunnskapsverdi som døme på ulike typar steingjerde.
Opplevingsverdiar	Handverksmessig verdi, symbolverdi. Opplevingsverdien vil auke etter restaurering, også fordi ein del vegetasjon skal ryddast og steingjerdet vil då bli betre synleg frå Fresvik sentrum.
Bruksverdiar	Ressursverdi for garden. Steingjerdet skal i framtida fungere som gjerde for dyr. Formidlingsverdi.
Kommentar: Representativt for større intakte steingjerde	

Skjema: Vik kommune 2018, basert på Riksantikvaren sin feltrettleiar "Verdisetting og verdivekting av kulturminner»